

# **Saksliste årsmøte UL Sambygdingen**

## **Saksliste årsmøte UL sambygdingen 2024**

**Frammøtte: 5 frå Styret (inkl vara) og 5 medlemmar**

Styret legg fram for årsmøtet årsmelding, og revidert rekneskap.

Årsmelding ligg på heimesida [sambygdingen.no](http://sambygdingen.no) under «Årsmøte» og «Styrets beretning».

**Årsmøtet vel ordstyrar.**

- Arne Kvamme vart ordstyrar.

**Referent er: Skrivar i avtroppande styre.**

- Mailin Bergås Hatten

**Årsmøtet handsamar framlagt årsmelding, og revidert rekneskap; likeins framlegg til arbeidsprogram og budsjett for neste arbeidsperiode.**

### **Årsmelding 2024**

- 17. mai, kanskje nokre i korpset vil gå foran i morgonprosesjonen
- Ein mogleg feil frå revideringa av vedtektene i 2024 kan vera grunnen til at punktet om godkjenning av innkalling, og godkjenning av saklista har ramla ut.

Vedtak: Årsmelding 2024 godkjend slik den er framlagt.

### **Rekneskap for 2024**

- Underskot etter 17. mai, er grunna innkjøp av nye luftgevær til 17. mai

Vedtak: Rekneskap for 2024 godkjend slik den er framlagt og revidert.

### **Budsjettet 2025:**

- Budsjettet er skriven med ein del minusbeløp, som me vil freista å dekkja inn ved å søka økonomisk støtte.
- Tips om å be om sponsoravtale, så me kan få dekkja materiale/varer med at ytar får reklameplass på heimesida.
- Nokre medlemmar er elektrikarar, og melder si teneste

Vedtak: Budsjett godkjent

### **Arbeidsprogram/årshjul 2025:**

Innspel til arbeidsprogrammet:

- Forslag til karaokekveld på 17. mai-pub, evt høyre kva medlemmane ønskjer, via heimesida
- Jubileumsfest: For å unngå at festen vert ei stor utgift, er det lurt å betala ein inngongsbillett til dekning av maten.
- Tisp om å leggje ut datoar og info så snart me har bestemt det.

Vedtak: Arbeidsprogrammet godkjend.

## **Årsmøtet handsamar innkomne saker.**

### **1. Forslag til oppgradering av ballbana**

Øystein Johansen har foreslått å jobba med få ballbinge på fotballbana. Styret har behandla saka:

Styret foreslår å sjå på høvet til å oppgradera ballbana. Ei moglegheit er å leggja kunstgras på heile, eller delar av bana. Ein anna moglegheit er å laga ein ballbinge. Ei oppgradering vil ha ein prislapp som gjer oss heilt avhengig av økonomisk støtte. Det er også eit mål å komma fram til ei oppgradering som ikkje medfører at myra må gravast opp.

Innspel frå årsmøtet:

- Myra må utbetrast før evt. ballbinge, usikkert kor mykje som må gjerast.
- Bør snakka med ein entreprenør for å få gjort ei vurdering av kor mykje meir vekt myra tåler. Myra er ganske djup. Då den blei utbetra sist blei det blant anna lagt duk over heile myra for å hindra at dekket søkk.
- Det skal vera informasjon om førre utbetring i arkivet til ungdomslaget, då styret handsama dette, moglegvis rundt 1994-96.
- Jøsendal, Magnus Johan Helgesen, Arne Kvamme, sat i det styret

Vedtak:

Styret arbeider vidare med saka.

### **2. Ønske frå Sigfred Johansen om å kjøpa ein teig sørom ballbana**

Saka var opp til behandling på årsmøtet i 2024.

Årsmøte signaliserte skepsis til å selja delar av eigedommen til laget.

Styret vart bede om å vurdere saka, og leggja ho fram for årsmøtet i 2025.

Styrets vurdering:

Styret har hatt sake oppe til behandling, og støttar signala frå årsmøte at eit sal kan skapa presedens, og at det dermed blir vanskeleg å sei nei til andre naboar som ønskjer å kjøpa ein teig.

Styret tilrår derfor årsmøtet å ikkje selja.

Vedtak: Årsmøtet stemte samrøystes om å ikkje selje.

### **3. Avklaring av eigarforholda på G.nr 144, b.nr 3 (kjøpt i 1911), 14, og 27 (kjøpt i 1955)**

Hjá kommunen står G.nr 3 oppført med heile arealet og byggingsmasse, mens G.nr 14 og 27 ikkje står oppført med areal.

Iflg Kartverket eig ungdomslaget G.nr 27 og 14 åleine, mens G.nr 3 eig ungd.laget saman med Alversund Losje.

Ungdomslaget kan med heimel i Tingysingsloven be Kartverket, gjennom annonse i lokalpressa sende en oppfordring til moglege eigarar om å melde seg innan en frist som settes til minst en månad. Melder ingen seg, utferdar registerføraren ei heimelserklæring som blir tinglyst som eit heimelsdokument.

Så vidt me veit, eksisterer ikkje Alversund Losje lenger, men dette treng me stadfesting på. Viss dei har vore ei underavdeling av ei større avdeling, kan alt losjen eigde ha gått inn i den større. Forslag om å først spørje Johan Litleskare om han har informasjon, då han har stor kunnskap om ungdomslaget.

Vedtak: Årsmøtet vedtok at styret fullføra ein prosess der eigedomstilhøvet for desse 3 eigedomane vert ungdomslaget sitt.

## Valg

### **Årsmøtet vel leiar for 1 år om gongen.**

Leiar står for attval, og Valkomiteen foreslår Jan Magne Fosse, som har vore leiar i 2 år.

Årsmøtet støtta samrøystes Valkomiteen sitt forslag.

### **Årsmøtet vel kasserar for 2 år om gongen.**

Kasserar står for attval, og Valkomiteen foreslår Trond Mathiassen Litleskare, som har vore kasserar i 2 år.

Årsmøtet støtta samrøystes Valkomiteen sitt forslag.

### **Årsmøtet vel 5 styremedlemer, 3 varamedlemer, 2 revisorar, og medlemer til dei ulike nemnder underlagd styret.**

Styremedlemane vert valde for 2 år om gongen, 3 og 2 annakvart år.

Styremedlemer:

Mailin Bergås Hatten (nestleiar) – attval, vert vald for 2 år

Tomas Sandvik (styremedlem) – attval, vert vald for 2 år

Erik Aasen Fosse (styremedlem) – 1 år att

Mette Hjelvin (styremedlem) – 1 år att

Varamedlemane vert valde for 1 år om gongen:

Kjersti Mathiassen Litleskare – attval

Tore Vegard Fosse – attval

Kjartan Stusdal – ny

### **Revisorane vert valde for 2 år om gongen, ein kvart år.**

Det vart ikkje spurd ein andre revisor, då den eine frå sist år framleis står.

Årsmøtet godkjenner at me i 2025 har 1 revisor istadenfor 2.

Astrid Myklebust har vore revisor, og har 1 år att.

Andre nemndmedlemar vert valde for 1 år om gongen.

Husstyre:

Even L Fosse – attval  
Daniel L Fosse – attval  
Malin Fyllingsnes – attval

Basarkomit :

Kjersti M Litleskare – attval  
Christina L Fosse – attval  
Linda Kvamme – attval  
Irene Isdal Fosse – ny

17.mai-komit :

Astrid Brakstad – attval  
Trude Isdal Fosse – ny  
Hilde L Johansen – ny

Bygdepub:

Tomas Sandvik – attval  
Tore Vegard Fosse – attval  
Kjersti M Litleskare – attval  
Tony Dale – ny  
Per Arne Bekken – ny


Kurs/kultur:

Mailin B Hatten – attval  
Unni Hatten – attval

Valnemnd:

Dette  ret var Hilde Langeland Johnsen  leine om vervet.  
Kom forslag om 2 me vil sp rje.

Mailin Berg s Hatte  
Skrivar/Referent



Jan Magne Fosse  
Styreleiar